



INNKALLING TIL FELLESMØTE I HARDANGERRÅDET og RÅDMANNSFORUM

Dato: Fredag 11.9.2026
Klokka 09.00 - 15.00

Stad: Heradsstyresalen, Kvam herad

09:00 - 09:30 Presentasjon Samo sitt arbeid og NTP v/leiar Samo Arve Heller
09:30 - 12:15 Hardangerrådet sakshandsaming
12:30 - 13:00 Lunsj
13:00 - 15:00 Informasjon om nye plansystem VLFK plan v/ Marianne Bugge

09 00 - 0930 **Presentasjon SAMO og NTP 2029-2040**
v/Arve Helle, leiar Samo

Regionrådet Saks nr.	Rådmannsforum Saks nr.	Saker til handsaming:
HR-sak 40/26	RF-sak 35/26	Innkalling og sakliste
HR-sak 41/26	RF-sak 36/26	Godkjenning av møtebøker Møtebok frå fellesmøte HR og RF 23.06.2026
HR-sak 42/26	RF-sak 37/26	Meldingar
HR-sak 43/26	RF-sak 38/26	Orienteringssaker
HR-sak 44/26		Nytt frå kommunane
HR-sak 45/26	RF-sak 39/26	Besøksbidrag i Hardanger
HR-sak 46/26	RF-sak 40/26	Høyringar
HR-sak 47/26	RF-sak 41/26	Høyring - Forslag om endringar i reglane om interkommunalt samarbeid
HR-sak 48/26	RF-sak 42/26	Saker som kjem til.

Forfall må meldast Hardangerrådet v/Trude Rinaldo tlf 48954550
Varamedlemmene møter etter særskild innkalling.

Kinsarvik 4.9.2026

Jens Olav Holven
Rådsordfører

Ann Irene Myrheim
Dagleg leiar



MØTEBOK Fellesmøte Hardangerrådet og Rådmannsforum

Dato: Tysdag 23.6.2026
Klokka: 09:30 - 14:45
Stad: Jondal kommunehus

Til stades:

Ulvik herad:	Ordførar Jens Olav Holven - rådsordførar
Ulvik herad:	Kommunedirektør Thore Hopperstad - leiar Rådmannsforum
Eidfjord kommune:	Ordførar Timo Knoch Rådmann
Eidfjord kommune	Rådmann Magnus Steigedal
Kvam herad:	Ordførar Torgeir Næss
Kvam herad	Rådmann Anita Hesthamar
Ullensvang kommune:	Varaordførar Inger Synnøve Vestrheim
Ullensvang kommun	Rådmann Ole-Jørgen Jondahl
Hardangerrådet iks:	Dagleg leiar Ann Irene Myrheim
	Konsulent Trude L. Rinaldo

Agenda:

09.30 - 10.00	Presentasjon Ullensvang Næringshage og Framtidsfylket
10:00 - 13:00	Fellesmøte Hardangerrådet og Rådmannsforum sakshandsaming
13.00 - 14:15	Lunsj
14:15 - 14:45	Presentasjon av Hardanger Hourse og utbyggingsplanar

Regionrådet	Rådmannsforum	Saker til handsaming:
Saks nr.	Saks nr.	

Nestleiar Torgeir Næss opna møte og ønska velkomen.
Ingen merknad til innkallinga

09:30 - 10:45	Presentasjon "Vi kallar" v/ Kine Viks og Hans Inge Myrvold
---------------	---

HR-sak 31/26	RF-sak 26/26	Innkalling og sakliste
---------------------	---------------------	-------------------------------

Vedtak:

Innkallinga godkjent slik den ligg føre.

HR-sak 32/26	RF-sak 27/26	Godkjenning av møtebøker
---------------------	---------------------	---------------------------------

Vedtak:

Møtebøkene godkjende slik dei ligg føre.

**HR-sak 33/26****RF-sak 28/26****Meldingar****Vedtak:**

Råda tek meldingar til vitande

HR-sak 34/26**RF-sak 29/26****Orienteringssaker**

Orienteringssaker mottekne etter utsending av innkallinga:

[Høring av forskrift om tilfluktssteder](#)

[Høring - om kapasitetsjustering av tillatelser til akvakultur med matfisk i sjø av laks, ørret og regnbueørret i 2026](#)

Vedtak :

Orienteringane er tekne til vitande.

HR-sak 35/26**Nytt frå ordførarane / kommunane****Vedtak:**SLT prosjekt

Hardangerrådet vil ha forslag til eit felles prosjekt for rusførebyggjande tiltak i Hardanger.

Invitasjon til Voss om å delta i felles prosjektet.

Ber også Hardanger og Voss ungdomsråd ta saka opp.

Regionrådet vil og ha innspel på;

Kartleggje - Kva verkemiddel kan kommunen bidra med overfor politiet?

RF-sak 30/26**Nytt frå Rådmannsforum****Vedtak:**

Saka vert teken til vitande

HR-sak 36/26**RF-sak 31/26****Høyringar med frist 04.09.2026**

- Vassdragsreguleringsloven og vannressursloven
- Forskrift til vassdragsreguleringsloven og vannressursloven

LVK vil avgje høyringsuttale på vegne av medlemskommunane

Vedtak:

Saka vert teken til vitande

HR-sak 37/26**RF-sak 32/26****Prinsipiell vurdering av framtidig medlemskap i Hardangerrådet IKS****Vedtak:**

Regionrådet og rådmannsforumet stiller seg positive til nye medlemmer, slik at regionen kan stå sterkere samla i saker av felles interesse.

Nye medlemskap vil medføre utarbeiding av ny fordelingsnøkkel.

HR-sak 38/26**RF-sak 33/26****Møtekalender andre halvår 2026****Vedtak:**

Møtekalender vedteken med endringer gjort i møte.

Administrasjonen oppdaterer kalenderinnkallingene.

Haust 2026	Sept	Okt.	Nov.	Des.
Regionrådet	Fredag 11.	Fredag 30.		Fredag 18.
Representantskapet	Kvam Fellesmøte HR/RF	Eidfjord		Jondal/Utne Fellesmøte HR/RF
Hardingtinget			Tors-Fred 5.-6.	
Hardanger- konferansen			Eidfjord Hardangerkonferansen	
Rådmannsforum	Fredag 11. Kvam Fellesmøte HR/RF	Fredag 2. Digitalt		Fredag 18. Jondal/Utne Fellesmøte HR/RF

HR-sak 39/26**RF-sak 34/26****Saker som kjem til.**

To saker ekstra:

1. Stilling som prosjektleiar Besøksbidrag
2. Skal ein senda reiselivsstrategien ut på høyring

Vedtak:

1. Søknad om finansiering av stilling som prosjektleiar for besøksforvaltninga vert lagd fram i neste møte.
2. Hardangerrådet ber om at reiselivsstrategien vert sendt på administrativ høyring til kommunane.
Etter at høyringsfråsegnene er mottekne, vert resultatane gjennomgått i møte med ordførarane.

Kinsarvik 23.6.2026
Jens Olav Holven
Rådsordførar

Ann Irene Myrheim
Dagleg leiar



Hardanger

Møtedato 11.9.2026

Saksansvarleg Ann Irene Myrheim

HR-sak 42/26

RF-sak 37/26

Meldingar

Vedtak:

Framlegg til vedtak:

Rådet tek meldingar til vitande

Saksopplysningar:

1. Brev om Skjønnsmidlar 2027 frå statsforvaltar av 24.8.2026.
2. Vurdering av medlemskap i Hardangerrådet iks, Samnanger kommune
3. Kontingent Hardangerrådet 2027
4. Turistbåtruta 2027: Høyringsuttale – Søknad om ruteløyve for fartøy i Hardangerfjorden



Møtedato 11.9.2026

Saksansvarleg Ann Irene Myrheim

HR-sak 43/26

RF-sak 38/26

Orienteringssaker

Vedtak:

Framlegg til vedtak:

Råda tek orienteringane til vitande.

Saksopplysningar:

- Hardangerkonferansen 2026 - løypemelding
- IPR samlinga - avlyst
- Sans for smak i Hardanger - informasjon
- Arendalsuka
- LVK - landsmøte
- Bergen mat og siderfestival - Hardanger profilering
- Rusførebyggande tiltak - mogleg felles SLT prosjekt Hardanger og Voss
- Avslutning Framtidshavet - Fellesprosjekt langs Hardangerfjorden
- Prosjektet - Arbeidsstad der du vil
- Karrieremessa - Springbrett i Bergen



Møtedato 11.9.2026

Saksansvarleg Ann Irene Myrheim

HR-sak 45/26

RF-sak 40/26

Besøksbidrag i Hardanger

Vedtak:

Framlegg til vedtak:

Ingen framlegg til vedtak

Bakgrunn for saka:

Administrasjonen sendte den 2. juli følgjande skriv til regionrådet og rådmannsforum for avklaring iht vidare sakshandsamingsprosess.

Avklaring av vidare sakshandsamingsprosess

Administrasjonen ber om avklaring frå kommunedirektørane og ordførarane om kva sakshandsamingsprosess som skal leggjast til grunn for det vidare arbeidet med besøksbidrag i Hardanger.

Arbeidet har til no vore gjennomført med utgangspunkt i vedtak fatta i Hardangerrådet og Rådmannsforum. Desse vedtaka har danna grunnlaget for planlegginga og gjennomføringa av prosjektet, mellom anna arbeidet med ei felles regional saksutgreiing.

Etter at prosjektskissa vart teken til vitande i Rådmannsforum og Hardangerrådet, ligg det no føre eit alternativt forslag til vidare sakshandsaming. Det inneber at kommunane først gjennomfører ei prinsipiell politisk handsaming før eventuell vidare regional utgreiing.

Når det ligg føre to ulike forslag til vidare prosess, vurderer administrasjonen at det er behov for ei avklaring frå kommunedirektørane og ordførarane om kva sakshandsamingsmodell kommunane ønskjer skal leggjast til grunn. Ei slik avklaring vil sikre at det vidare arbeidet skjer i samsvar med dei styringssignala kommunane ønskjer å leggje til grunn for regionale saker.

Det vert bede om avklaring av følgjande:

1. Skal arbeidet vidareførast i tråd med vedteken prosjektskisse, eller skal kommunane først gjennomføre ei prinsipiell politisk handsaming før eventuell vidare regional saksutgreiing?
2. Kva sakshandsamingsprosess ønskjer kommunane skal leggjast til grunn for det vidare arbeidet?
3. Kva rolle skal Hardangerrådet ha i den vidare koordineringa av saka?

Vedlagt følgjer ei oversikt over dei vedtaka som til no har vore lagde til grunn for planlegging og gjennomføring av arbeidet.

Brevet vert sendt før sommarferien for å orientere om situasjonen og gi kommunedirektørane og ordførarane eit felles grunnlag for den vidare prosessen. Det er ikkje lagt opp til at det skal takast stilling til spørsmåla i ferietida.

Administrasjonen ber om at styringssignala vert drøfta og avklarte etter ferien, før det vidare arbeidet vert teke opp att.

Handsaming besøksbidrag i Hardangerrådet og Rådmannsforum

Dato	Vedtak	Organ	Vedtak
24.10.2025	HR-sak 37/25	Hardangerrådet	• <i>Dei fire Hardangerkommunane samarbeider om innføring av besøksbidrag med felles sats og plan for bruk av midlane.</i> • <i>Hardangerrådet ber kommunane setje av</i> • <i>ressursar i budsjetthandsaming for 2026.</i> <i>Det er ein føresetnad at alle kommunane gjer felles vedtak om å sette av dedikerte ressursar til utarbeiding og implementering av felles regional besøksbidragordning i Hardanger i tråd med lova.</i>
16.01.2026	HR-sak 6/26	Hardangerrådet	<i>Hardangerrådet sluttar seg til at det vert etablert ei felles rutine for forankring, prioritering og handsaming av felles prosjekt og felles søknader i regionen.</i> <i>1. Felles prosjekt og søknader som omfattar fleire kommunar skal handsamast i Rådmannsforum og Hardangerrådet før individuell politisk handsaming.</i> <i>2. Alle felles prosjekt skal ha avklart økonomi, bemanningsbehov og fordelingsnøkkel mellom kommunane før endeleg handsaming i dei einskilde kommunane.</i> <i>3. Hardangerrådet ber kommunane leggja nødvendige midlar og personalressursar inn i sine budsjett og økonomiplanar for å sikra gjennomføring av prioriterte felles prosjekt.</i> <i>Ber administrasjonen førebu ei sak om fordelingsnøkkel.</i>

27.03.2026	HR-sak 19/26 RF-sak 17/26	Hardangerrådet Rådmannsforum	<i>Hardangerrådet saman med kommunale næringssjefar får mandat til å utarbeide forslag til felles saksframlegg som del av kvar kommune sitt kommunale sakstilfang ved handsaming av besøksbidrag i kommunane.</i>
08.05.2026	RF-sak 24/26	Rådmannsforum	<i>Prosjektskisse besøksbidrag teke til vitande.</i>
22.05.2026	HR-sak 29/26	Hardangerrådet	<i>Prosjektskisse besøksbidrag teke til vitande.</i>
25.06.2026	TH-sak 21/26	Næringssjefane	<i>Eidfjord, Ulvik og Ullensvang vil ha prinsipiell avklaring i kommunane før dei går vidare med konsekvensutgreiing og økonomi ved eventuell innføring av besøksbidrag.</i>

Saksvedlegg:

Vedlegg 1: Prosjektskisse besøksbidrag

Aktuelle lover, forskrifter avtale mm:

Saksopplysningar:

Særutskrift :

Svar frå ordførar i Ulvik herad:

Hei

Eg sender eit kjapt svar under dine spørsmål. Trur det er viktig og ikkje forsinka prosessen, slik at dette arbeidet kan få starta opp alt no.

1. *Skal arbeidet vidareførast i tråd med vedteken prosjektskisse, eller skal kommunane først gjennomføre ei prinsipiell politisk handsaming før eventuell vidare regional saksutgreiing?*

- Eg meiner me har gjort eit vedtak som skal gjennomførast

2. *Kva sakshandsamingsprosess ønskjer kommunane skal leggjast til grunn for det vidare arbeidet?*

-Viser til vedlagt prosjektskisse-

3. *Kva rolle skal Hardangerrådet ha i den vidare koordineringa av saka?*

-Er ikkje det nemnt i punkt 2. “

Svar frå ordførar i Eidfjord:

Hei!

Me har hatt ein diskusjon kring prosessen om innføring av besøksbidrag i Eidfjord.

1. *Skal arbeidet vidareførast i tråd med vedteken prosjektskisse, eller skal kommunane først gjennomføre ei prinsipiell politisk handsaming før eventuell vidare regional saksutgreiing?*

Eg støtter Team Hardanger sin vurdering at ein prinsipiell avklaring burde vera på plass før vidare arbeid med eit regional prosjekt (TH-sak 21/26). Det er likevel i tråd med vedtak i sak HR-sak 19/26 og RF-sak 17/26. Til syvende og sist må kvar kommune søkja om å innføre besøksbidraget, difor er etter mi eining ein lokal forankring viktig, særleg med tanke på at den kommunale prosessen må vera sluttført innan 31.12.26 for å innføre avgifta i 2027. Dei kommunale planen kan innehalda ein likelydande avsnitt som skisserer dei regionale utfordringane og eventuelt bruk av midlar på desse. Men det er dessutan knytta uvisse til til om alle kommunar vil kunne krevja inn besøksbidrag og organisering av det regionale arbeidet med tiltak er difor ein diskusjon som burde utsetjast til etter at kommunane har motteke svar frå departementet.

2. *Kva sakshandsamingsprosess ønskjer kommunane skal leggjast til grunn for det vidare arbeidet?*

Det er Team Hardanger som kan jobba for ein felles saksutgreiing for den prinsipielle avklaring om besøkssavgift i dei respektive kommunane.

3. *Kva rolle skal Hardangerrådet ha i den vidare koordineringa av saka?*

Når Team Hardanger samarbeider om ein felles saksutgreiing, er det leiar i utvalet som kan nytta administrasjonen i HR som sparringspartnar. Men regionale fellessatsing med eigen prosjektleiing burde utsetjast til etter både prinsipiell avklaring, svar frå departementet og budsjettbehandling i kommunane. Det er i tråd med den vedteke rutinen i sak HR-sak 6/26:

- *Hardangerrådet sluttar seg til at det vert etablert ei felles rutine for forankring, prioritering og handsaming av felles prosjekt og felles søknader i regionen.*
- *Felles prosjekt og søknader som omfattar fleire kommunar skal handsamast i Rådmannsforum og Hardangerrådet før individuell politisk handsaming.*
- *Alle felles prosjekt skal ha avklart økonomi, bemanningsbehov og fordelingsnøkkel mellom kommunane før endeleg handsaming i dei einskilde kommunane.*

Hardangerrådet ber kommunane leggja nødvendige midlar og personalressursar inn i sine budsjett og økonomiplanar for å sikra gjennomføring av prioriterte felles prosjekt.

Vurderingar:

Når det ligg føre to ulike forslag til vidare prosess, vurderer administrasjonen at det er behov for ei avklaring frå kommunedirektørane og ordførarane om kva sakshandsamingsmodell kommunane ønskjer skal leggjast til grunn. Ei slik avklaring vil sikre at det vidare arbeidet skjer i samsvar med dei styringssignala kommunane ønskjer å leggje til grunn for regionale saker.

Det vert bede om avklaring av følgjande:

1. Skal arbeidet vidareførast i tråd med vedteken prosjektskisse, eller skal kommunane først gjennomføre ei prinsipiell politisk handsaming før eventuell vidare regional saksutgreiing?
2. Kva sakshandsamingsprosess ønskjer kommunane skal leggjast til grunn for det vidare arbeidet?
3. Kva rolle skal Hardangerrådet ha i den vidare koordineringa av saka?

PROSJEKTSKISSE

UTGREIING AV BESØKSBIDRAG I HARDANGER

1. Prosjektmandat

Hardangerrådet og Rådmannsforum gav i fellesmøte den 27.03.2026, i sak HR-sak 19/26 -RF-sak 17/26, følgende vedtak;

Vedtak:

Hardangerrådet saman med kommunale næringssjefar får mandat til å utarbeide forslag til felles saksframlegg som del av kvar kommune sitt kommunale sakstilfang ved handsaming av besøksbidrag i kommunane.

Hardangerrådet den 22.05.2026, i sak HR-sak 29/26 tok prosjektskissa til vitande.

1.1

Kommunale næringssjefane i Eidfjord, Kvam, Ullensvang og Ulvik saman med administrasjonen i Hardangerrådet vert gjeve mandat til å utgreie grunnlag for innføring av besøksbidrag i Hardanger, inkludert:

- felles saksgrunnlag til politisk handsaming i kvar kommune
- avgrensingar
- modell for fordeling mellom kommunal og regional del
- forslag til organisering og forvaltning av ordninga

2. Prosjekteigar og organisering

- Prosjekteigar: Hardangerrådet
- Prosjektansvarleg: Rådsordførar
- Prosjektleder: Ann Irene Myrheim
- Prosjektgruppe:
 - kommunale næringssjefar
 - administrasjon i Hardangerrådet
- Ressursgruppe
 - VLFK
 - Representantar frå reiselivsnæringa (inkl. destinasjonsselsskapet)
 - Lofotrådet og andre regionråd

3. Bakgrunn og føremål

Bakgrunnen er vedteken Besøksbidragslova, forslag til forskrift om overnattingsavgift og Cruiseavgift.

Hardanger er definert som ein reiselivsdestinasjon med aukande turisme. Kommunane opplever eit auka behov for tilrettelegging for å møte den auka turiststraumen. Innføring av besøksbidrag kan gje kommunane ein finansieringsordninga til å løyse utfordringar i pressområder knytt til reiselivsnæringa

Utvikle en felles modell for besøksforvaltning i Hardanger, som legger til rette for innføring og bruk av besøksbidrag i tråd med lovens formål. Modellen skal styrke kommunenes evne til å håndtere reiselivets belastninger, sikre bedre planlegging og forvaltning av reiselivsrelaterte fellesgoder, og bidra til en mer bærekraftig og koordinert oppgaveløsning mellom kommunene.

Føremål med prosjektet:

- sikre felles regional tilnærming
- leggje til rette for like vilkår for næringa
- etablere kunnskapsgrunnlag for politiske vedtak

4. Mål for prosjektet

Hovudmål

Utarbeide felles saksgrunnlag til kommunane for mogleg innføring av besøksbidrag i Hardanger frå 2027.

Delmål

- utarbeide felles saksframlegg til kommunane
- utgreie modell for lokal og regional fordeling
- peike på moglege tiltak og prioriteringar
- foreslå organisering av forvaltning
- plan for forankring i næringa

5. Prosjektomfang (leveransar)

Prosjektet skal levere:

1. Felles saksframlegg
 - tilpassa handsaming i kvar kommune
2. Plan for bruk av midlar
 - krav etter forskrifta
 - inkludert lokal og regional del
3. Modell for fordeling kommunalt og regionalt
4. Forslag til organisering
 - rolle for Hardangerrådet
 - eventuell interkommunal modell
5. Moglege tiltak og prioriterte tiltak

Lokal del:

Som eksempel;

- toalett, avfall, stiar
- tilrettelegging og vedlikehald
- informasjon og skilting

Regional del

Som eksempel;

- transportløyisingar
- besøksstyring
- trafikkdata og analyse
- felles stiinfrastruktur

6. Framdriftsplan

Fase	Innhald	Tidsrom
1. Oppstart	Etablere prosjektgruppe og mandat	mai 2026
2. Kunnskapsgrunnlag	Innhente data, erfaringar (m.a. Lofoten)	mai
3. Utgreiing	Modell for avgift, fordeling og tiltak	juni - august
4. Dialog	Involvering av næring og kommunar	september
5. Utarbeiding	Felles plan og saksframlegg	Oktober
6. Politisk behandling	Kommunal handsaming	haust 2026

7. Suksessfaktorar

- sterk politisk forankring i alle kommunar
- tett dialog med reiselivsnæringa
- enkel og tydeleg modell
- god regional koordinering
- tydeleg kopling til fellesgode

8. Risiko og utfordringar

Risiko	Handtering
Manglande politisk semje	tidleg involvering
Motstand frå næringa	open dialog og synlege tiltak
Uklår fordeling	tydelege kriterium
Administrativ kompleksitet	enkle modellar og digitalisering

Hardanger, 30.04.2026

Godkjent Rådmannsforum 08.05.2026

Godkjent Hardangerrådet 22.05.2026



Møtedato 11.9.2026

Saksansvarleg Ann Irene Myrheim

HR-sak 46/26

RF-sak 40/26

Høyringar

Vedtak:

Framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan framlegg til vedtak.

Bakgrunn for saka:

Det ligg føre fleire høyringar med relevans for kommunane i Hardanger og for regional utvikling:

- NOU 2026:4 Kjernekraft i Norge? – Fordeler, ulemper og forutsetninger
Høyringsfrist 8. oktober 2026.
- Regional plan for verdiskaping og kompetanse i Vestland
Høyringsfrist 1. november 2026.
- Regional plan for areal og mobilitet i Vestland
Høyringsfrist 1. november 2026.

Føremålet med saka er å avklare om Hardangerrådet skal utarbeide felles høyringsuttale på vegner av regionen i ei eller fleire av høyringane, eller om høyringane bør handsamast og svarast ut av kvar enkelt kommune.

For dei to regionale planane skal Hardangerrådet same dag ha møte med Vestland fylkeskommune, der fylkeskommunen presenterer dei to planforslaga. Presentasjonen og drøftinga i møtet vil kunne gi eit betre grunnlag for å vurdere kva spørsmål som er særleg viktige for Hardanger, og om det er grunnlag for ei felles regional høyringsuttale.

Saksvedlegg (via link):

- [Kjernekraft](#). NOU 2026:4 – *Kjernekraft i Norge?*
- [Regional plan for verdiskaping og kompetanse](#).
- [Regional plan for areal og mobilitet](#).

Aktuelle lover, forskrifter avtale mm:

- Plan- og bygningslova
- Kommunelova
- Utviklingsplan for Vestland
- Gjeldande samarbeidsavtale og styringsdokument for Hardangerrådet iks

Saksopplysningar:

NOU 2026:4 – Kjernekraft i Norge?

Energidepartementet har sendt NOU 2026:4 *Kjernekraft i Norge?* på offentlig høyring. Utgreiinga vurderer kjernekraft som mogleg framtidig kraftkjelde i det norske kraftsystemet, mellom anna teknologi, kostnader, kraftsystem, regulering, myndigheitsorganisering, tryggleik, etiske spørsmål og samfunnsaksept.

Høyringsfristen er 8. oktober 2026.

Regional plan for verdiskaping og kompetanse

Vestland fylkeskommune har sendt framlegg til Regional plan for verdiskaping og kompetanse med tilhøyrande handlingsprogram på høyring.

Planen skal vere eit strategisk verktøy for verdiskaping og kompetanseutvikling i Vestland og bidra til samordning mellom statleg, fylkeskommunal og kommunal politikk. Fylkeskommunen ber mellom anna om innspel til om planen peikar i rett retning, om dei føreslåtte grepa er dei rette og kva rolle fylkeskommunen bør ha som rettleiar og støttespelar.

Høyringsfristen er 1. november 2026.

Regional plan for areal og mobilitet

Vestland fylkeskommune har også sendt framlegg til Regional plan for areal og mobilitet med tilhøyrande handlingsprogram på høyring.

Planen skal mellom anna samle og utvikle regionale føringar for arealbruk og mobilitet og legge til rette for betre samarbeid og samordning mellom kommunale, fylkeskommunale og statlege styresmakter.

Høyringsfristen er 1. november 2026.

Dei to regionale planane skal etter planen vedtakast av fylkestinget i mars 2027.

Vurderingar

Det bør avklarast om Hardangerrådet skal utarbeide felles høyringsuttale i dei aktuelle sakene, eller om det er mest formålstenleg at kommunane gir eigne høyringssvar.

Eit felles regionalt høyringssvar kan vere særleg aktuelt der kommunane har samanfallande interesser og der problemstillingane går på tvers av kommunegrensene. Eit samla innspel frå Hardanger kan synleggjere regionale behov og prioriteringar og gi større tyngde til problemstillingar som er felles for kommunane.

Samstundes må eit felles høyringssvar ikkje erstatte kommunane sine eigne høyringsuttalar der det er lokale interesser, ulike politiske vurderingar eller konkrete konsekvensar som bør handsamast av den enkelte kommunen.

For Regional plan for verdiskaping og kompetanse og Regional plan for areal og mobilitet er det fleire tema som direkte gjeld Hardanger som samla bu-, arbeids-, nærings- og besøksregion. Mellom anna gjeld dette:

- utvikling av arbeidsplassar, næringsliv og kompetanse
- tilgang på arbeidskraft og kompetanse
- samferdsel og mobilitet mellom kommunane og mot Bergen/Voss
- arealbruk og tilrettelegging for næringsutvikling
- kraft- og energitilgang
- bustad- og samfunnsutvikling
- reiseliv og besøksforvaltning
- samspelet mellom regionale planar og kommunane sitt lokale handlingsrom.

Det kan difor vere føremålstenleg at Hardangerrådet vurderer å utarbeide eit felles regionalt innspel til dei to regionale planane, med hovudvekt på tema der kommunane har felles interesser. Kommunane kan i tillegg sende eigne høyringssvar om lokale eller kommunespesifikke problemstillingar.

Fellesmøtet med Vestland fylkeskommune den 11. september, der dei to planforslaga vert presenterte, bør nyttast til å identifisere kva tema som er særleg viktige for Hardanger og som eventuelt bør løftast fram i eit felles høyringssvar.

Når det gjeld NOU 2026:4 Kjernekraft i Norge?, er høyringa brei og omfattar både nasjonale energipolitiske, teknologiske, økonomiske, tryggleiksmessige og samfunnsmessige spørsmål. Det bør difor drøftast særskilt om Hardangerrådet har konkrete regionale interesser eller felles standpunkt som tilseier eit eige høyringssvar, eller om denne høyringa i større grad bør svarast ut av den enkelte kommune.

Regionrådet/Rådmannsforum vert med bakgrunn i dette invitert til å drøfte:

1. Skal Hardangerrådet utarbeide felles høyringsuttale til Regional plan for verdiskaping og kompetanse?
2. Skal Hardangerrådet utarbeide felles høyringsuttale til Regional plan for areal og mobilitet?
3. Skal Hardangerrådet utarbeide felles høyringsuttale til NOU 2026:4 Kjernekraft i Norge?, eller skal denne høyringa handterast av den enkelte kommune?
4. Dersom det skal utarbeidast felles høyringssvar, kva hovudtema og prioriteringar skal Hardangerrådet særleg løfte fram?



Møtedato 11.9.2026

Saksansvarleg Ann Irene Myrheim

HR-sak 47/26

RF-sak 41/26

Høyring - Forslag om endringar i reglane om interkommunalt samarbeid

Vedtak:

Framlegg til vedtak:

Framlegg til høyring - Forslag om endringar i reglane om interkommunalt samarbeid

Hardangerrådet viser til Kommunal- og distriktsdepartementet si høyring om framlegg til endringar i reglane om interkommunalt samarbeid etter kommunelova.

Hardangerrådet er interkommunalt politisk råd for kommunane Eidfjord, Kvam, Ullensvang og Ulvik.

Overordna vurdering

Hardangerrådet støttar hovudretninga i framlegget om å gje kommunane større handlingsrom til interkommunalt samarbeid. For distriktskommunane kan vidareutvikla samarbeidsformer vera viktige verkemiddel for å byggja robuste fagmiljø, sikra kompetanse og kvalitet og løysa oppgåver som den enkelte kommunen har avgrensa kapasitet til å handtera åleine.

Eit grunnleggjande prinsipp må likevel vera at interkommunalt samarbeid skal styrkja kommunane – ikkje gradvis erstatta kommunen si eiga rolle, avgjerdspekt eller samfunnsutviklingskraft.

Kommunane må framleis ha størst mogleg fridom til å avgjera kva oppgåver dei vil samarbeida om, kven dei vil samarbeida med, korleis samarbeidet skal organiserast og korleis oppgåver og kompetanse skal fordelast geografisk.

For distriktskommunane handlar dette ikkje berre om effektiv organisering, men også om demokrati, kompetanse, arbeidsplassar og utviklingskraft i lokalsamfunna.

Kommunale oppgåvefelleskap

Hardangerrådet støttar framlegget om at kommunale oppgåvefelleskap som er eigne rettssubjekt, kan få delegert myndigheit til å fatta enkeltvedtak og utøva offentleg myndigheit. Ei slik endring kan gjera samarbeidsforma betre eigna for langsiktige samarbeid om fleire kommunale oppgåver.

Dette føreset samstundes at den enkelte deltakarkommunen har tilstrekkeleg politisk styring og kontroll, og at ansvar og myndigheit er klart regulert.

Dei minste deltakarkommunane må sikrast reell representasjon og innverknad. Regelverket bør ikkje leggja til rette for at folketal eller kommunestorleik åleine vert avgjerande for styringsmakta i samarbeidet.

Interkommunalt samarbeid må heller ikkje automatisk innebera at felles fagmiljø vert fysisk samla i den største kommunen. Regelverket og den statlege rettleiinga bør leggja til rette for distribuerte fagmiljø, der kompetansesarbeidsplassar og funksjonar kan lokalisast i fleire av deltakarkommunane.

Hardangerrådet meiner departementet i rettleiinga til lova bør presisera at samarbeidsavtalar kan regulera geografisk lokalisering av funksjonar, arbeidsplassar og fagmiljø.

Dette kan redusera terskelen for interkommunalt samarbeid i distriktskommunar og samtidig bidra til å oppretthalda kompetanse og attraktive arbeidsplassar i fleire kommunar.

Interkommunalt politisk råd

Hardangerrådet støttar departementet sitt arbeid med å klargjera reglane for interkommunale politiske råd (IPR).

For kommunane er det viktig at IPR framleis er ein arena for politisk samarbeid, strategiske drøftingar og samordning av felles interesser på tvers av kommunegrensene. Hardangerrådet støttar at IPR skal vera eit politisk samarbeidsorgan, og ikkje eit organ for kommunal tenesteproduksjon eller utøving av offentleg myndigheit overfor innbyggjarane.

Samstundes må regelverket gje rom for at eit IPR kan utføra oppgåver som er knytte til det politiske samarbeidet. Dette omfattar mellom anna å koordinera oppgåver, leia prosjekt og utgreia tiltak i regionen. Det er viktig at grensa mellom slik verksemd og kommunal tenesteproduksjon kjem tydeleg fram i lovverket og rettleiinga.

Hardangerrådet meiner interkommunale politiske råd har ein viktig funksjon innan regional samfunnsutvikling, strategisk planlegging, koordinering og interessepolitisk arbeid. For distriktskommunane er det særleg viktig å kunna opptre samla i møte med fylkeskommunale og statlege styresmakter og andre regionale aktørar i spørsmål som gjeld mellom anna infrastruktur, beredskap, næringsutvikling, kompetanse, rekruttering og regional utvikling.

Hardangerrådet ser positivt på at regelverket for IPR og kommunale oppgåvefellesskap vert harmonisert der dette er naturleg. Samstundes må skiljet mellom samarbeidsformene vera tydeleg: Kommunale oppgåvefellesskap skal kunna nyttast til felles kommunal oppgåveløysing og tenesteproduksjon, medan IPR skal vera ei samarbeidsform for politisk samarbeid, koordinering og regional samfunnsutvikling.

Klære reglar om organisering, styring, rapportering og ansvar vil kunna gjera det enklare for kommunane å velja rett samarbeidsform og bidra til føreseielege samarbeidsstrukturar og god demokratisk forankring.

Vertskommunesamarbeid

Hardangerrådet er positiv til at kommunar og fylkeskommunar skal kunna inngå administrativt vertskommunesamarbeid om oppgåver dei har felles.

Dette gjev kommunesektoren større fleksibilitet og kan vera særleg relevant på område der kommunane og fylkeskommunen har tilgrensande oppgåver eller behov for felles kompetanse.

Hardangerrådet støttar også at regelverket vert forenkla slik at fleire kommunar kan inngå ein felles avtale med vertskommunen der dette er føremålstenleg.

Når det gjeld framlegget om å avvikla ordninga med felles folkevald nemnd i vertskommunesamarbeid, meiner Hardangerrådet at omsynet til forenkling må vegast opp mot behovet for politisk styring og demokratisk forankring. Kommunane bør ha tilstrekkelege organisatoriske alternativ når samarbeid omfattar oppgåver med vesentlege politiske prioriteringar.

Hardangerrådet meiner difor at departementet bør vurderer nøye om ei full avvikling av denne modellen reduserer kommunane sitt handlingsrom meir enn det forenkla regelverket.

Funksjonelle samarbeidsregionar

Hardangerrådet meiner det må vera stort rom for asymmetriske og funksjonelle samarbeid.

Kva kommunar det er naturleg å samarbeida med, vil variera mellom ulike oppgåver. Geografi, bu- og arbeidsmarknad, kompetanse, kommunikasjonar og eksisterande fagmiljø kan gjera ulike samarbeidskonstellasjonar naturlege på ulike fagområde.

Staten bør difor ikkje leggja til grunn at målet nødvendigvis er éin fast samarbeidsgeografi for alle kommunale oppgåver.

Moglegheit for å tre ut av samarbeid

Det må vera enkelt å etablera samarbeid, men også reelt mogleg for ein kommune å endra deltaking eller tre ut av eit samarbeid.

Økonomiske, organisatoriske eller personalmessige bindingar må ikkje utvikla seg slik at ein kommune i praksis mistar høvet til å ta ei oppgåve tilbake.

Hardangerrådet støttar difor at regelverket har tydelege reglar for uttrede og oppløysing, samtidig som kommunane bør ha stor fridom til å regulera praktiske og økonomiske forhold gjennom samarbeidsavtalane.

Eit distriktpolitisk perspektiv på interkommunalt samarbeid

For distriktskommunane er tilgang til kompetanse ei av dei største utfordringane framover. Interkommunalt samarbeid kan vera ein viktig del av løysinga, men berre dersom samarbeidet vert organisert slik at det også bidreg til å oppretthalda kompetanse, arbeidsplassar og avgjerdsrett i distrikta.

Hardangerrådet meiner difor at lovverket bør byggja på eit tydeleg distriktspolitisk prinsipp:

Kommunar skal kunna samarbeida for å verta fagleg større utan å måtta verta demokratisk eller geografisk større.

Interkommunalt samarbeid bør vera eit verkemiddel for å oppretthalda sjølvstendige kommunar, lokale kompetansearbeidsplassar og politisk avgjerdsrett nær innbyggjarane.

Bakgrunn for saka:

Kommunal- og distriktsdepartementet føreslår endringar i reglane for samarbeid mellom kommunar i lov om kommunar og fylkeskommunar (kommunelova), kapittel 19 – interkommunalt samarbeid. Fristen for å svare på høyringa er sett til 1. oktober 2026.

Bakgrunnen for framlegget til endringar er at dei gjeldande reglane for kommunale oppgåvefellesskap er fleksible, men samstundes vert opplevde som uklare og krevjande å praktisere. Det er mellom anna knytt uvisse til ansvar, styring og rettsleg status. Samstundes er dei interkommunale samarbeida ofte fragmenterte, noko som kan gjere koordinering vanskeleg.

Etter regjeringa sitt syn er det difor behov for tydelegare reglar og for å gjere kommunale oppgåvefellesskap meir tenlege. Det vert mellom anna føreslått å opne for utøving av offentleg mynde, slik at kommunane kan etablere meir heilskaplege og langsiktige samarbeid utan å miste fleksibilitet og lokalt handlingsrom. For interkommunale politiske råd er det føreslått å tydeleggjere rolle- og ansvarsdelinga mellom politikk og administrasjon.

For dei andre interkommunale samarbeidsformene etter kommunelova inneber framlegget mellom anna at vertskommunemodellen vert forenkla og utvida, at lite brukte samarbeidsformer vert fjerna, og at vertskommunesamarbeid med felles folkevald nemnd vert avvikla. IKS-modellen vert vidareført som i dag. Samla vert det lagt vekt på færre og tydelegare former for interkommunalt samarbeid.

Saksvedlegg:

Aktuelle lover, forskrifter avtale mm:

[Høyring- Forslag om endring i reglane om interkommunalt samarbeid](#)

[Høyringsnotat](#)

[Kommunelova : Kapittel 19. Oppgåvefellesskap](#)

Saksopplysningar:

Hardangerrådet sitt framlegg til høyringsuttale

Framlegg til høyring - Forslag om endringar i reglane om interkommunalt samarbeid

Hardangerrådet viser til Kommunal- og distriktsdepartementet si høyring om framlegg til endringar i reglane om interkommunalt samarbeid etter kommunelova.

Hardangerrådet er interkommunalt politisk råd for kommunane Eidfjord, Kvam, Ullensvang og Ulvik.

Overordna vurdering

Hardangerrådet støttar hovudretninga i framlegget om å gje kommunane større handlingsrom til interkommunalt samarbeid. For distriktskommunane kan vidareutvikla samarbeidsformer vera viktige verkemiddel for å byggja robuste fagmiljø, sikra kompetanse og kvalitet og løysa oppgåver som den enkelte kommunen har avgrensa kapasitet til å handtera åleine.

Eit grunnleggjande prinsipp må likevel vera at interkommunalt samarbeid skal styrkja kommunane – ikkje gradvis erstatta kommunen si eiga rolle, avgjerdsamt eller samfunnsutviklingskraft.

Kommunane må framleis ha størst mogleg fridom til å avgjera kva oppgåver dei vil samarbeida om, kven dei vil samarbeida med, korleis samarbeidet skal organiserast og korleis oppgåver og kompetanse skal fordelast geografisk.

For distriktskommunane handlar dette ikkje berre om effektiv organisering, men også om demokrati, kompetanse, arbeidsplassar og utviklingskraft i lokalsamfunna.

Kommunale oppgåvefellesskap

Hardangerrådet støttar framlegget om at kommunale oppgåvefellesskap som er eigne rettssubjekt, kan få delegert myndigheit til å fatta enkeltvedtak og utøva offentlig myndigheit. Ei slik endring kan gjera samarbeidsforma betre eigna for langsiktige samarbeid om fleire kommunale oppgåver.

Dette føreset samstundes at den enkelte deltakarkommunen har tilstrekkeleg politisk styring og kontroll, og at ansvar og myndigheit er klart regulert.

Dei minste deltakarkommunane må sikrast reell representasjon og innverknad. Regelverket bør ikkje leggja til rette for at folketal eller kommunestorleik åleine vert avgjerande for styringsmakta i samarbeidet.

Interkommunalt samarbeid må heller ikkje automatisk innebera at felles fagmiljø vert fysisk samla i den største kommunen. Regelverket og den statlege rettleiinga bør leggja til rette for distribuerte fagmiljø, der kompetansesarbeidsplassar og funksjonar kan lokalisert i fleire av deltakarkommunane.

Hardangerrådet meiner departementet i rettleiinga til lova bør presisera at samarbeidsavtalar kan regulera geografisk lokalisering av funksjonar, arbeidsplassar og fagmiljø.

Dette kan redusera terskelen for interkommunalt samarbeid i distriktskommunar og samtidig bidra til å oppretthalda kompetanse og attraktive arbeidsplassar i fleire kommunar.

Interkommunalt politisk råd

Hardangerrådet støttar departementet sitt arbeid med å klargjera reglane for interkommunale politiske råd (IPR).

For kommunane er det viktig at IPR framleis er ein arena for politisk samarbeid, strategiske drøftingar og samordning av felles interesser på tvers av kommunegrensene. Hardangerrådet støttar at IPR skal vera eit politisk samarbeidsorgan, og ikkje eit organ for kommunal tenesteproduksjon eller utøving av offentleg myndigheit overfor innbyggjarane.

Samstundes må regelverket gje rom for at eit IPR kan utføra oppgåver som er knytte til det politiske samarbeidet. Dette omfattar mellom anna å koordinera oppgåver, leia prosjekt og utgreia tiltak i regionen. Det er viktig at grensa mellom slik verksemd og kommunal tenesteproduksjon kjem tydeleg fram i lovverket og rettleiinga.

Hardangerrådet meiner interkommunale politiske råd har ein viktig funksjon innan regional samfunnsutvikling, strategisk planlegging, koordinering og interessepolitisk arbeid. For distriktskommunane er det særleg viktig å kunna opptre samla i møte med fylkeskommunale og statlege styresmakter og andre regionale aktørar i spørsmål som gjeld mellom anna infrastruktur, beredskap, næringsutvikling, kompetanse, rekruttering og regional utvikling.

Hardangerrådet ser positivt på at regelverket for IPR og kommunale oppgåvefellesskap vert harmonisert der dette er naturleg. Samstundes må skiljet mellom samarbeidsformene vera tydeleg: Kommunale oppgåvefellesskap skal kunna nyttast til felles kommunal oppgåveløysing og tenesteproduksjon, medan IPR skal vera ei samarbeidsform for politisk samarbeid, koordinering og regional samfunnsutvikling.

Klære reglar om organisering, styring, rapportering og ansvar vil kunna gjera det enklare for kommunane å velja rett samarbeidsform og bidra til føreseielege samarbeidsstrukturar og god demokratisk forankring.

Vertskommunesamarbeid

Hardangerrådet er positiv til at kommunar og fylkeskommunar skal kunna inngå administrativt vertskommunesamarbeid om oppgåver dei har felles.

Dette gjev kommunesektoren større fleksibilitet og kan vera særleg relevant på område der kommunane og fylkeskommunen har tilgrensande oppgåver eller behov for felles kompetanse.

Hardangerrådet støttar også at regelverket vert forenkla slik at fleire kommunar kan inngå ein felles avtale med vertskommunen der dette er føremålstenleg.

Når det gjeld framlegget om å avvikla ordninga med felles folkevald nemnd i vertskommunesamarbeid, meiner Hardangerrådet at omsynet til forenkling må vegast opp mot behovet for politisk styring og demokratisk forankring. Kommunane bør ha tilstrekkelege organisatoriske alternativ når samarbeid omfattar oppgåver med vesentlege politiske prioriteringar.

Hardangerrådet meiner difor at departementet bør vurderer nøye om ei full avvikling av denne modellen reduserer kommunane sitt handlingsrom meir enn det forenklar regelverket.

Funksjonelle samarbeidsregionar

Hardangerrådet meiner det må vera stort rom for asymmetriske og funksjonelle samarbeid.

Kva kommunar det er naturleg å samarbeida med, vil variera mellom ulike oppgåver. Geografi, bu- og arbeidsmarknad, kompetanse, kommunikasjonar og eksisterande fagmiljø kan gjera ulike samarbeidskonstellasjonar naturlege på ulike fagområde.

Staten bør difor ikkje leggja til grunn at målet nødvendigvis er éin fast samarbeidsgeografi for alle kommunale oppgåver.

Moglegheit for å tre ut av samarbeid

Det må vera enkelt å etablera samarbeid, men også reelt mogleg for ein kommune å endra deltaking eller tre ut av eit samarbeid.

Økonomiske, organisatoriske eller personalmessige bindingar må ikkje utvikla seg slik at ein kommune i praksis mistar høvet til å ta ei oppgåve tilbake.

Hardangerrådet støttar difor at regelverket har tydelege reglar for uttrede og oppløysing, samtidig som kommunane bør ha stor fridom til å regulera praktiske og økonomiske forhold gjennom samarbeidsavtalane.

Eit distriktspolitisk perspektiv på interkommunalt samarbeid

For distriktskommunane er tilgang til kompetanse ei av dei største utfordringane framover. Interkommunalt samarbeid kan vera ein viktig del av løysinga, men berre dersom samarbeidet vert organisert slik at det også bidreg til å oppretthalda kompetanse, arbeidsplassar og avgjerdsrett i distrikta.

Hardangerrådet meiner difor at lovverket bør byggja på eit tydeleg distriktspolitisk prinsipp:

Kommunar skal kunna samarbeida for å verta fagleg større utan å måtta verta demokratisk eller geografisk større.

Interkommunalt samarbeid bør vera eit verkemiddel for å oppretthalda sjølvstendige kommunar, lokale kompetansearbeidsplassar og politisk avgjerdsrett nær innbyggjarane.